

Øy Nytt

Kyrkjeblad for Øygarden

«Så er den faste som eg vil ha: at du løyser dei som med urett er bundne, sprengjer banda i åket og friar ut dei som er trælka, ... at du deler ditt brød med dei som svelt, ... at du kler den nakne som du ser...»
Jesaja 58:6

Side 5

Rapport frå Jinka

I dette nummeret kan du m.a. lesa:

- Odd Normann er tilbakes 4
- Leirdag i Hjelme kyrkje.....s 6
- Orientering frå kommunen.....s 7





Ei utfordring frå ein koptisk munk

Dr. Atef si utfordring.

Lukasevangeliet seier: «Ein gong spurde farisearane Jesus når Guds rike skulle koma. Han svara: «Guds rike kjem ikkje slik at ein kan sjå det med auga. Ingen kan seia: 'Sjå her er det', eller: 'Der er det'. For Guds rike er midt iblant dykk.» (17,20)

Men den gamle omsetjinga seier: «For Guds rike, det er inni dykk.»

Dette bibelordet var spissutfordringa då den koptiske munken dr. Atef Mikail frå Egypt i november vitja UiO sin base på Grimerud på Ottestad ved Hamar. Den dramatiske bakgrunnen hans kan du lese om på nettet[1] <#_ftn1>.

Dr. Atef peiker på at den kristne kyrkja i vest har oppfatta Guds Rike slik som den første omsetjinga av Lukasordet eg siterte. Dette har fått oss til å tenkje forkyning, evangelisering og misjon. Viktigt nok.

Men Austkyrkja har oppfatta Gudsriket meir som noko «på innsida» av dei truande. Dei ortodokse har difor lagt stor vekt på den indre veksten i kristenlivet. Dr. Atef understreker at både «det ytre» og «det indre» høyrer med. Vitnemålet hans er likevel ei sterk påminning om at den «gamle» ordlyden i Luk. 17,20 ikkje må gløymast.

Dette tok tak i meg, og gjennom nådegåveseminaret vi har på Vik Bedehus og i kyrkjene våre i skrivande stund, vart denne utfordringa vidare utdjupa.

Kristus-liv i Anden.

David seier i Salme 51:

«Gud, skap i meg eit reint hjarta, gjev meg ei ny og stodig ånd!» (Sal. 51,12)

Og den Heilage Apostel i Galaterbrevet:

«Mine born, som eg på nytt føder med smerte til den tid Kristus tek skapnad i dykk...» (Gal. 4,19)

Apostelkollegaen Peter seier: «Han

(har)gjeve oss dei største og mest dyrebare lovnader. Ved dei skulle de få del i guddomleg natur når de har kome dykk fri frå forfallet...» (2. Pet. 1,4)

Og slik er Jesu eigne Ord i Bergpreika:

«Sæle dei reine i hjartet, dei skal sjå Gud.» (Matt. 5,8)

Vi er kalla til Kristus-liv i Anden!

Om å bera Evangeliet vidare.

Det å bera Det Heilage Evangeliet vidare er

eit stort ansvar. I møte med menneske som det kan synest står utanfor trua og kyrkja er det óg viktig at vi tek med oss eit anna Paulus-ord:

«Gå fram med visdom mellom dei som står utanfor, og bruk den dyrebare tida godt. Lat alltid orda dykkar vera venlege, men godt salta, så de veit korleis de skal svara kvar einskild.» (Kol. 4,5-6)

Vi kunne legge til: Lat oss bere med oss mildskap, kjærleik, utstråling, humør i vår ferd på arbeidsplass, i lokalsamfunn, nabolag og familie!

Men dette har til føresetnad at Kristus bur i hjarto våre. Dette er store saker!

Kyrkja er først og sist bunde av Kristi Ord, ja, Kristus ER Guds Ord.

Har vi ikkje Kristus, vert kyrkjesaker lett meiningar og ideologi. Men då kjem vi ingen veg korkje i kristen- eller kyrkjeliv.

Naudsynt med djupare røter.

På Noregsvitjinga si sa munken frå Egypt: «Dersom de ikkje får djupare røter for truslivet dykkar, vil de ikkje kunne verta ståande i endetida sine stormkast.» Og han heldt fram:

«Kvifor merker ikkje dei som er rundt dykk meir til Kristus i dykk?» De har ljuset og livet inne i dykk, men lite av ljuset kjem fram. Kvifor? Fordi Kristus ikkje har vunne skapnad i dykk!

På min måte vil eg leggja til: Når vi får tilgjeving for alle våre synder, i «tankar, ord og gjerningar», så får vi samstundes det nye livet i Heilaganden si kraft. Her kjem óg dei åndelege gávane, nådegávane inn. Kristus for oss er den same Kristus som verkar i oss. Vi ser både hos Jesus sjølv, læresveinane og den første kristne kyrkja, at det heilage livet førte med seg åndeleg disiplin, eit liv med retning.

Dette tyder at vi må ha tid til, og ta tid til livet med Gud, slik at Han kan få utruste oss til teneste. Det står ikkje på Herren! Han har tid for oss. Men kva prioriterer vi? Ei dagleg andakts- og bønestund i heimen har vi tid til!

Når vi prioriterer Herren, får Han vår merksemd på rett måte. Då vert vi rett omvend, og kan få opne hjarto som er føresetnaden for at Kristus vinn skapnad i oss. Då vil vår omgjevning sjå Kristus, Han som vi ber med oss i kvardagen. (Eigentleg er det jo Han som ber oss!)

Reknar vi med Gud i alle livsrelasjonar, vert vi ei misjonierende, åndsfylt kyrkje både på «heimefronten» og til «jordens ender.»

<http://www.vl.no/magasin/mintro/article3927347.ece>
<<http://www.vl.no/magasin/mintro/article3927347.ece>>
<http://www.ywam.no/motmalet/> <<http://www.ywam.no/motmalet/>>

svennam@hotmail.com



Den norske kyrkja i Øygarden

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgjevar:	Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar
Redaktør:	Margit LiljanApelthun
Kontingent:	Min. kr 100,- pr. år innan kommunen Min. kr 150,- pr. år utanom kommunen
Takkeannonsar:	kr 100,-
Kontonr.:	3628 07 02557
Layout/trykk:	Grafisk Team AS
Distribusjon i Øygarden:	Hurtiglevering, Tjeldsto tlf. 98 66 53 29

Kyrkjekontoret:

Vitjingsadresse:	Helse- og tenesteseneteret, Rong
Postadresse:	Boks 144, 5331 Rong
Telefon:	56 38 22 40
Faks:	56 38 22 41
Vakttelefon:	56 38 22 44
E-post:	kontor@kyrkja.net

Internettsider: www.kyrkja.net

Ekspedisjonstid: måndag – fredag 0900 – 1500

Tilsette:

Kontorsekretær	Kari Sandøy Rong
e-post:	kontor@kyrkja.net tlf. 56 38 22 40

Kyrkjelydspedagog	Trine Overå Hansen
e-post:	kyrkjelydspedagog@kyrkja.net tlf. 56 38 22 47

Kantor	Anne Lise Grøm
	kantor@kyrkja.net tlf. 56 38 22 45/91 88 12 08

Sokneprest	Svenn Martinsen
e-post:	sokneprest@kyrkja.net tlf. 56 38 22 44

Kyrkjevevjerje	Odd N. Thormodsæter
e-post:	kyrkjevevjerje@kyrkja.net tlf. 56 38 22 43

Kyrkjene:

Blomvåg kyrkje	tlf. 56 38 70 22
e-post:	blomvag.kyrkje@kyrkja.net
Kyrkjjetenar/	Kåre Kristoffersen
Kyrkjegardsarb.	Mobil: 911 05 197
Klokkar:	Ole Vik

Hjelme kyrkje	tlf 56 38 80 30
e-post:	hjelme.kyrkje@kyrkja.net
Kyrkjjetenar/	
Kyrkjegardsarb.	Kjellaug og Raymond Vik

Råda:

Blomvåg sokneråd:	Leiar: Olaug Merete Rong
Hjelme sokneråd:	Leiar: Atle Dävøy
Øygarden kyrkjelege fellesråd:	Leiar: Gustav Landro

Beredskapordning for Vesthordland prosti tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjonar.

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret.

Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før 5638 2244.

KRS Kristen Radio Sotra

Sendetider til Øygarden Prestegjeld på

KRS Kristen Radio Sotra FM
100,9/104,5/105,5 fra 2. februar:
Tirsdag 1000-1030 Radiopresten
4. søndag i måneden 1700-1800
"Timeglasset" med Trine.

FM 100,9/104,5 gir best mottaking for Øygardsfolk!



”

T N. F. S. Grundtvig 1843
M Ludvig M. Lindeman 1864

*Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid;
den har oss givet lyset og livet,
lyset og livet i dagning blid.
Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid.*

*Redningsmannen er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!
Helvede greder, himlen seg gleder,
himlen seg gleder med lousang ny.
Redningsmannen er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!*

*Sangen toner, vår forsoner,
vår forsoner til evig pris;
han ville bløde for oss å møte,
for oss å møte i paradiset.
Sangen toner, vår forsoner,
vår forsoner til evig pris.*

*Bøtt er brøden, død er døden,
død er døden som syndens sold!**
*Nå ligger graven midt i gudshaven,
midt i gudshaven i Jesu vold.
Bøtt er brøden, død er døden,
død er døden som syndens sold.*
[* lønn, Rom 6, 23]

*Mørket greder, englekleder,
englekleder de er som lyn.
Om enn bedrøvet smiler dog støvet,
smiler dog støvet ved englesyn.
Mørket greder, englekleder,
englekleder de er som lyn.*

*Se, i skarer opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.
Tungene gløder, Herren vi møter,
Herren vi møter med lousang ny.
Se, i skarer opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.*

Frist for stoff til ØyNytt i 2009:

Nr 2: 11. mars

Nr 3- 11. mai

Jeg velger denne salmen, fordi den gjorde meg så godt allerede som 7-åring. Min søster og jeg var innlagt på barneklivnikken i Bergen. Det var påske, og vi hadde nettopp blitt morløse. Fra en radio tonet de kjære påskesalmene, og det var «Påskemorgen slukker sorgen». Jeg husker at salmen gjorde meg trygg og glad. Jeg gikk jo på søndagsskolen og var glad i Jesus.

Men i ungdommen og langt inn i voksen alder, levde jeg borte fra Jesus. Men så kalte Gud meg tilbake, jeg valgte å omvende meg, og Jesus ble Herre i mitt liv. Jeg opplevde en sterk frelsesfryd, det var som å komme fra mørket til lyset. Ja, «han har oss givet lyset og livet».

Den kjære påskesalmen kom tilbake, jeg sang og nynnet på den seint og tidlig, ja, som kveldssang til minstebarnet. Det var midt på vinteren, lenge før påske, men påskens budskap jublet inni meg. Jeg var så glad for at Jesus hadde frelst meg. Han hadde sonet min synd, og jeg var fri. Ja, «redningsmannen er oppstanden», han lever og skal aldri dø igjen.

I årene som har gått, gjennom mange prøvelser, har jeg kjent min kjære Frelasers kjærlighet, omsorg og trøst. En dag skal jeg få møte Ham i himmelen og der skal jeg også få treffe mine kjære igjen. Ja, «påskemorgen slukker sorgen, slukker sorgen til evig tid». Takk Jesus!

Av Britt Berentsen

Jeg utfordrer Eli Norene Soltvedt til å skrive «Min salme» neste gang.

GAMLE BILETE FRÅ ØYGARDEN



«Ein gjeng frå barnelaget «Spiren» på Rong. Avslutningsfest –84».

– Eg gleder meg til å begynne i jobb igjen

Av Margit Liljan Apelthun (tekst og foto)

Odd Normann Thormodsæter er komen tilbake i jobben som kyrkjeverje i Øygarden, etter å ha vore sjukemeldt i eitt år.

– Eg gleder meg til å starte opp att, seier Odd Normann.

– Det kjennes godt å vere ønskt velkomen tilbake, og få høyre at ein har vore sakna. Det betyr mykje for lysten og gleda å kome i arbeid, seier han og nemner at det ligg mykje psykologi bak når ein skal hente fram nye krefter.

Han begynner i 80 prosent stilling.


– Eg vil starte forsiktig. Det har vore eit hardt år. Eg har vore gjennom strålebehandling, cellegift og to store operasjonar. Diagnosen eg fekk er veldig belasta.

Kreft

Odd Normann fekk diagnosen kreft den 8. januar for eitt år sidan.

– Det er ein tøff diagnose å få, men det gjeld å ikkje mista motet, seier han.

– Med moderne forskning og teknikk så er det mange som overlever kreften og får livet som gåve på nytt



Kyrkjeverje Odd Normann Thormodsæter har sigra over sjukdomen og er komen attende med ny, frisk giv.

igjen, understrekar Odd Normann som vil dele litt av si erfaring med ØyNytt sine lesarar. Kanskje nokon som treng det, kan få ny von.

– Eg har mellom anna operert bort 70 prosent av levra. Men no er det slik at levra er den einaste kjertelen i kroppen som veks ut igjen. For

min del tok det seks veker, då var ho tilbake i normalen, fortel Odd Normann.

Oppmuntring

Odd Normann fortel at det kristne fellesskapet har vor viktig for å få nytt mot til å kjempa mot smerte og orke gå gjennom behandling.

– Det har betydd veldig mykje. Eg fått mykje oppmuntring og mange bibelord. Eg fekk blant anna eit bibelord som hjalp meg. Det var orda i 5 Mosebok 31,8: «Herren sjølv skal gå føre deg. Han skal vera med deg. Han skal ikkje sleppa deg og ikkje gå frå deg. Ver ikkje redd, og miss ikkje motet!»

– Når du er mentalt og fysisk fullstendig i botn, då betyr slike ord mykje, seier Odd Normann.

Han poengterer også at han er så heldig å ha ei fantastisk kone som har vore ei viktig støtte for å greie dette vanskelege året.

Odd Normann har sigra over sjukdomen og er komen attende med ny, frisk giv. Han er veldig takknemleg for at Annlaug Børve kunne ta over som vikar medan han var sjuk.

– Kjekt og lærerikt å jobbe på kyrkjekontoret



– Det har vore både kjekt og lærerikt å vere her på kyrkjekontoret i Øygarden. Eg har fått arbeide saman med ein flott og motivert gjeng.

Annlaug Børve overtok som vikar for kyrkjeverje i Øygarden i juni 2008, då Odd Normann Thormodsæter var gått ut i sjukemelding.

–No er vi takksame og glade for at Odd Normann kjem tilbake frisk og opplagt, seier ho til ØyNytt.

Annlaug kjem frå Fana, men gjorde øygarding av seg då ho gifta seg til eit småbruk på Skjold.

Ho er utdanna jurist og jobba i

mange år på hovedkontoret til Sjømannskirken i Bergen. I 2001 begynte ho i Øygarden kommune der ho har vore tilsett både på personal- og rådmannskontoret.

– På vårparten i 2008 blei eg spurt om å steppe inn som vikar for kyrkjeverje i Øygarden. Rådmannen stilte seg velvillig og gav meg permisjon, fortel Annlaug som må ha trivdest i rolla som kyrkjeverje. Ho skal nemleg gå til ny jobb som kyrkjeverje i nabokommunen Fjell. MLA

Tur til Etiopia

Det var ei natt til tysdag vi, saman med Aud Helen Solsvik og Mette-Linda Flåten, reiste frå Flesland på veg til Etiopia. Natta var prega av lite søvn og masse nervøsitet. ”Endeleg var vi på flyplassen og skulle reise”, var vel det som gjekk gjennom hovuda våre. Flyturen til Amsterdam gjekk fint, men det blei lite søvn. Då vi endeleg kom på flyet til Etiopia, hadde vi allereie møtt motgang i passkontrollen, der Ola sitt pass måtte gjennomgå mykje kritikk. Dagen gjekk, og det var mørkt då vi landa i Addis Abeba (hovudstaden i Etiopia). Det første teiknet på forskjell kom raskt, då vi var på veg ut frå flyplassen, såg vi eitt av mange eksempel på barnarbeid. Ei lita jente på 10-12 år vaska golvet.

Vi var sjokkerte, men vi var blitt forberedt. Det neste sjokket kom allereie nokre minutt seinare då vi kjørte gjennom den store hovudstaden. Vi var vel klar over at det var slum, men langt ifrå klar over at det var så mykje. Skyskraparar på ei side og skur på den andre.

Dagane gjekk i hovudstaden, der vi blei godt tatt imot. Vi sov på misjonsstasjonen der vår guide (Liv) stelte med oss og viste oss rundt. Den tredje dagen i Addis, bar det i veg sørover i Etiopia til Jinka, der vi skulle ta fatt på oppdraget vårt.

Vi kjørte og kjørte, og på vegen møtte vi fleire og fleire barn som ropa og skreik etter Highland (som var ein drikkeflaske for vatn der nede).

De må ikkje misforstå kva vi meiner, dårleg samvit lar vi tv-reklamene ta seg av, for det afrikanske folket var så glade! Folk smilte og helsa og syntest det var kjempegøy då vi helsa tilbake. Det var ikkje få born som ville ha noko av oss - anten pengar eller vassflasker.

Noko anna som sjokkerte oss, var alle dei kvinnene som gjekk og bar på så mykje. Hardt arbeid skal belønnast, men når mannen deira går bak utan noko bør - då er det noko som er gale!

Vi kom til Jinka i god behold og var klare for å sjå menneska på nært hald. Vi var på markedet og på eit lokalt museum, der vi fekk eit raskt innblikk i stammene rundt i området og deira kultur.

Så kom endeleg den dagen vi skulle på sjukehuset og sjå kva kommunen og ungdomsskulen støtta. I år var det samla inn 160 000 kroner. Og vi som reiste i år håpa jo sjølvsagt å samle inn meir. På sjukehuset fekk vi omvisning på dei forskjellige avdelingane, og vi fekk sjå mange forskjellige skadar som: slangebitt, knivstikking, Aids og Hiv-pasientar, skotskader osb. På sjukehuset dreiv dei òg opplæring av etioparar og sjukepleiarar, og vi fekk sjå korleis sjukehuset blei drive.

Pengane vi samlar inn gjer definitivt nytte, og mange menneske får redda livet sitt på grunn av det kommunen gjer. Det som har forundra oss mest er vel likevel gleden i alle menneska som frydar seg over alle små ting. Dette var ei oppleving for livet. Alle dei sterke inntrykka og alle dei rare kjenslene som har gått gjennom kroppane våre. Du smiler til eit barn, og ser han blir glad når han ser deg. Samstundes veit du at du har det så mykje betre, og då er det du byrjar å lure på kvifor det er så urettvist. Du lurar på kva du har gjort for å ha fortent å bu i eit land som Noreg. Den einaste konklusjonen er at livet er urettvist.

**Karoline Turøy og
Ola Wetteland**



På gudsteneste nær Jinka.



Jinka sjukehus.



Brannskade, Jinka sjukehus.



Downtown Jinka.


Tlf.: 56 38 24 40 - Faks: 56 38 24 41
Mobil: 928 41 790
E-mail: post@oygarden-elektriske.no

Leirdag for 1. og 2. klassingar i Hjelme Kyrkje

Tekst og foto av Beate Augestad



Lørdag 17. januar arrangerte "Teamet" leirdag. Det var 23 spente og forventningsfulle born som troppa opp. Det heile begynte med "bli kjend- leikar", etterfulgt av ei matøkt. Deretter hadde me ei samling med andakt og song. "Om jeg er liten eller stor" var leirsongen, og livsglede- songane på dvd blei svært populære. Elles hadde me aktivitetar og sporløp ute, og sjølvsaft kiosk (som var det store høgdepunktet for deltakarane). Ingrid Torsvik kom og hadde bibelsamling for oss. Dagen blei avslutta med leirkveld, der foreldre og søsken var inviterte. Fyrst hadde me litt om misjon og om korleis me kan vera med å hjelpa borna i Peru. Det heile blei avslutta med moroinnslag, leik, sketsj og song. På vegne av leiarane vil eg sei: Takk for ein koseleg og livleg dag! ☺



Informasjon for ungdommane:

13.-15.februar arrangerer KRIK **skiweekend** på Helgatun som ligg ved Myrkdalen skisenter. Frå 8.kl. Bli med på eit av høgdepunkta for KRIK denne vinteren! Det blir ei aktiv helg, med både "nedover- og bortoverski" :), sosialt samvær om kveldane, andeleg påfyll og mykje god mat. Påmelding til Brynjel Toft snarast! (Eventuelt kontakt kyrkjekontoret)

20.til 22.februar arrangerer Nordhordland Indremisjon og Indremisjonssamskipnaden **skiweekend** på Helgatun som ligg ved Myrkdalen skisenter. Frå 1.vgs. Her kjem det ungdommar frå heile Hordaland, og det blir mykje sosialt, skiglede og andeleg fellesskap. Håpar mange reiser frå Øygarden! Ta kontakt med Beate Augestad (Tlf.: 48 99 80 52) for meir info og påmelding.

ICHTYS

Ungdomsmøte på Vik bedehus annankvar lørdag frå 20.00 til 23.00.

-Andeleg påfyll, song og musikk. Kafè, sosialt, leik og moro.

KRIK

Samlingar kvar fredag på Toftøy skule frå kl. 19.00 til 21.00.

-Lav terskel, andakt, aktivt og passivt, fotball, leik og moro.

NAUTNES UNGDOMSKLUBB

Siste fredag i månaden på Nautnes bedehus.

5.-7.kl.: 19.00-21.00. 8.kl. og oppover kl.: 21.00-23.00

-Ein klubb med mykje kjekt og sosialt, andeleg påfyll og noko å bita i.

ØYGARDEN GOSPEL

Kvar mandag frå 19.00 til 21.00 i Blomvåg kyrkje.

Frå 8.kl. og oppover. For deg som likar å syngja!

Pause med sal av mat, brus og godterier:)



Orientering til innbyggjarane i Øygarden kommune

Øygarden kommune er med i eit landsomfattande prosjekt, knytta opp mot Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse, der ein skal opprette dagtilbod for heimebuande - med hukommelses problem.

Prosjektet har starta opp i 28 kommunar og ein skal jobbe for å finne ein god modell for dagtilbod for personar med slike problem.

Prosjektet går over vel 1 år.

TBOS har nyleg starta opp dette tilbodet ein dag pr. veke. Frå 15 januar utvidar me tilbodet til to gonger pr. veke.

Me held til på dagavdelinga på TBOS, post 4.

Tilbodet er: Du vert henta med internbussen om morgonen, og me serverer frokost i 0900 tida.

På føremiddag er det div. aktiviteter

Middag og kaffe, før bussen køyrer deg heimatt i 14.30-15.00 tida.

Me tar enno imot nye brukarar, og nyttar oss av Øynytt for å fortelje om prosjektet og tilbodet.

Er det nokon som ser at dette er aktuelt, kan du få nærmare informasjon ved å henvende deg til TBOS, dagavdelinga. Kontaktperson: Bjørg Fjeldstad, telefon 56 38 23 40 eller TBOS, sakshandsamar: Sølvi Sangolt Førde telefon: 56 38 23 04



HUKOMMELSESTEAMET I ØYGARDEN er i aktivitet igjen, etter lengre tids pause.

Me tar i mot: ❖ **Bekymringsmeldingar.**

Har du mistanke om at ein av dine har hukommelsesproblem, kan me hjelpe til med informasjon og rettleiing. Kontaktperson: Leiar i teamet, Bjørg Fjeldstad, kan kontaktes på telefon 56382340, kvar onsdag kl.10.00-11.00

Den store lovsongen

Den store lovsongen – «Øygardsliturgien» har vore evaluert i kyrkjelydane. Kvar einskild har hatt høve til å kome med sine vurderingar av om liturgien skal fortsetje, og kome med forslag til endringar. Etter evalueringa vart saka behandla i sokneråda 21. januar. Dei fatta følgjande vedtak i saka:

- * Den Store Lovsongen – «Øygardsliturgien» held fram som gudstenesteliturgi for Øygarden Prestegjeld inntil vidare. Det vert nytta ein kortare nattverdliturgi ved familiemesser. Det er inntil vidare høve for tenestegjerande prestar som ynskjer det å nytta 1992-ordninga.
- * Det vert nedsett ein komite med leiar og nestleiar frå begge sokneråd og soknepresten som innan 1. juni 2009 skal leggja fram eit framlegg til vegval når det gjeld spørsmål som er reist med omsyn til sjølv liturgien og i gudstenestelivet i det heile.
- * Ei revidert utgåve av Den store lovsongen – «Øygardsliturgien» vert seinare vurdert opp mot ny Høgmesseliturgi av 2011.

Bli fast og flott med
Ultratone Metoden

TILBUD

Behandlinger: kr 2500,- ved bestilling
av 10 ganger. Førpris kr 4500,-



Du fortjener vel det beste?



Ring for timebestilling!

Lars Bergo

Prest på 30-talet
i Øygarden:



I dei harde trettiåra var Lars Bergo sokneprest i Øygarden. Bergo kom frå Eksingedalen, men lika seg godt i Øygarden - og folket lika han. Det var sorg hjå kyrkjefolket i Herdla då han reiste her ifrå i 1940.

Kyrkjeboki for Evanger viser at Lars Bergo vart fødd 21. oktober 1902 av foreldre Helge Knutson Bergo og kona Ragnhild, fødd Nygard. På morsida var han i nær slekt med diktaren og lyrikaren Olav Nygard. Det ser ut til at ei grein av den same lyriske åra òg fant vegen til Lars.

Barndom og ungdom

Lars kom frå garden Bergo i Eksingedalen. Dette var ein heller stor fjellgard. Gudsfrøkt og nøgsemd rådde i heimen. Men det var ein ljøs og glad kristendom - som fanga inn i seg dei kulturelle og nasjonale straumdrag som var oppe i tidi. Den arven heldt Lars Bergo sidan fast på. Han kjende seg alltid som representant for Bygde-Noreg og det bygdenorske. Og fekk vyrndnad for det.

16 år gamal byrja Lars på Voss offentlege Lands gymnas, der han tok eksamen på latinlinja i 1922. Om sumaren melde han seg på til studentlinja ved Stord lærarskule. Det vart ein rik og lukkeleg vinter - ikkje minst fordi han her vart kjend med ein student som heitte Sigrid Trygsland og som seinare skulle bli kona hans.

Han hadde post som lærar i 2-3 år, men det var prest han ville bli og kjende seg kalla til. Alt frå barnedagane hadde tanken av og til leika i hugen. No melde han seg med større styrke og alvor. Men det var tronge tider. Staten ytte ikkje stipend den gong - og det var vanskeleg med lån. Men med godtfolks hjelp laga det seg likevel. Sjølv las han hebraisk og filosofi ved sida av skulearbeidet - og sparde med det inn på studietidi i Oslo. Og etter 3 1/2 år ved Menighetsfakultetet tok han våren 1929 teologisk embetseksamen med karakteren Laudabilis. Om hausten same året tok han praktikum med same karakter.

Og no gjekk det slag i slag. I desember 1929 gifte han seg, og i mars 1930 fekk han ordinasjonsløyve. Straks etter vart han utnemnd til sokneprest til Herdla. Den 13. juli vart han ordinert i Domkyrkja i Bergen av biskop Peter Hognestad, og ei veke etter tok han til i arbeidet i Herdla.

Bergo som Øygardsprest

Om tida hans mellom oss i Øygarden seier Torstein Skjelanger, som var klokkar hjå Bergo i Herdlakyrkja i 8 år: Lars Bergo kjende seg alltid på kyrkjeleg sogegrunn i Herdla-kyrkja. For øya som har namnet Herdla, er godt kjend frå gamlesoga.



I gamal tid var det til og med kongesete på Herdla. Og fleire stadnamn minner om den tid. Kor lenge det har stade kyrkje på Herdla, er usikkert. Fyrste gongen kyrkja er nemnd, er i 1146. I 1860-åra vart denne kyrkja rivi og ei ny og større bygd på same staden. Det var i 1869 Herdla vart eige soknekall. Bergo var den 24. i presterekkje frå reformasjonen og fram til 1930.

Frisk, oppglødd, ihuga til arbeidet og med stor iver kom Bergo til Herdla i 1930. Kallet var ikkje lett å tena. Dei geografiske tilhøve her gjorde at Herdla var eit vidstrakt og tungt kall. Reisene til Hjelme til både gudstenester og lesing med konfirmantane var ofte harde. Like eins til Blomvåg. Eg tenkjer at han seint kunne gløyma reisene over Hjeltefjorden, som kunne vera blid, men òg reise seg vilt.

Hjå kyrkjelyden her vart han motteken med opne famnar. Folket vart snart overttydde om at dette var mannen som høvde å vera prest her. Bergo ville vera mannen mellom folket. Og bodskapen han bar fram, var i folket sitt ordlag og fengde. Han vart ein kjær prest.

Den kjende forretningsmannen Ingwald B. Nielsen i Oslo var frå Herdla. Til ære for mor si ville han gjerne byggja ei kyrkje i heimbygdi si, og baud seg til å kosta ho heilt ut. Lars Bergo tala varmt for at ein skulle ta imot tilbodet - og hausten 1931 stod Blomvåg kyrkje ferdig. Ho vart vigsla 25. november same året.

Herdla kyrkje brann natta til 29. august 1934. Sokneprest Bergo var den fyrste som tok opp arbeidet med å få kyrkja bygd oppatt. Kyrkjelyd og kommunestyret var samde. Byggenemnd vart vald med sokneprest Lars Bergo til formann.

Det synt seg at han var rette mannen. At kyrkja no fekk prestesakristi og at det vart lagt inn sentralvarme kan ein takka Bergo for. Det var han som bar fram tankane. Den nye kyrkja skulle verta mest mogeleg lik den som brann. Hans store iver og arbeid for å få det

heile løyst best mogeleg, måtte ein undra seg over. Fort fekk han det også til å gå. Alt den 25. september året etter vart den nye kyrkja vigsla av biskop Andreas Fleischer. Han gav kyrkja namnet Øygardskatedralen.

Eit vidt interesseområde

Men på mange område gjorde Lars Bergo mykje meir enn det som var hans embetsplikt. Først må nemnast at han synt stor interesse for kyrkjer og kyrkjerestaurering. Omfram sin gjerning som prest var det vel her han gjorde sin største innsats. Med statens stipend studerte han gamle og nyare kyrkjebygg i Skandinavia, Tyskland og England. Utanom reisinga av ny kyrkje i Herdla, stod han òg i brodden for restaureringi av den gamle fylkeskyrkja i Hamre, og kyrkja i Ullensvang.

Bergo var òg ein varm forsvarsven. Under krigen var han med i heimefronten - og gav hjelp og ly på Hamre prestegard for landsmenn som rømde undan Gestapo. Alt frå gutedagane heime i Eksingedalen hadde han vore ein ihuga skyttar. Som formann i skyttarlaget i Ullensvang tok han seg av ungdomane, og freista å vekkja deira interesse for skyttarsaki.

Som den fengslande talaren han var, vart han mykje nytta som talar og kåsør på stemne, festar og møte i heile Hordaland fylke.

Hans samfundsinteresser og menneskelege engasjement førde han inn i politikken. I Hamre var han med i heradsstyret og i Ullensvang var han ordførar i det gamle heradet frå 1956 til 1960. I den nye storkommunen Ullensvang var han varaordførar frå 1964 til 1968, samstundes som han var heradet sin utsending til fylkestinget. Som den fredsæle mannen han var, gjekk han inn for å dempa motsetnaden og fremja samarbeidet i den nye gigantkommunen. Som ordførar var han ikkje minst interessert i vegbygging.

Han møtte òg som varamann på Stortinget, vald av Venstre. Der fekk han m. a. høve til å slå eit slag for den nynorske sidemålsstilen i gymnaset.

"Prost Lars Bergo døydde 10.juni 1975.

Etter Helge O. Opedal sin artikkel: "Helsing til prost og sokneprest Lars Bergo og fru Sigrid Bergo" i: Helg i Hardanger, Blad for skule, heim og kyrkje november/desember 1972. Og: Nils Østerbø, "Helsing frå Hamre", same kjelde. Redigert av sokneprest Sverre Martinsen."

**Kjøp kjapt,
trygt
og billig**

KIWI mini
pris

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20

Opent man.-fred. til kl. 21.00

Lørdager til kl. 20.00.

**Det er vi
som bygger Øygarden**

**ØYGARDEN
BYGGSENTER**

**TH
BHAS BYGG**

**NORGESHUS**
Øygarden
Boligutvikling as

Tlf. 56 38 28 00, faks 56 38 28 09

Adr. Pålset, 5337 Rong

www.th-bygg.no

Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca 100 personer.

Kan levere mat til alle

Arrangerer byllaup,

anledningar.

konfirmasjonar og andre

Middag, koldtbord og snittar.

tilstellingar.

Tlf. 5638 9380

Inderøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer

Rullestol

Mobil: 90 59 90 59

BERGEN OG OMEGN BEGRAVELSESHJELP

Teatergt. 20, 5010 Bergen

Tlf. 55 21 44 50

Mobil 917 51 700

- DØGNVAKT
- PARKERING
- BLOMSTER
- MONUMENTER

Vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv.



K.H. Polden
Tlf. 55 33 45 88



Tom Wilson
Tlf. 55 18 50 80



Åsane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Bløm

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES

Døgnvakt tlf.: 5518 9000

Rossnes Taxi

Magne Ingvald Rossnes.

Tinging av turar på

tlf: 56 38 91 91/ 951 12 634

Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.

Be om katalog og pris.

Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid

5336 TJELDSTØ

Tlf. 5638 9534 / 4004 1045

Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

Sotra Omegn

BEGRAVELSESBYRÅ

- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Skjennet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)



SparebankenVest

- satser på Vestlandet

TIMEBESTILLING 56 38 73 90



Egne priser for pensjonistar
Langope torsdag.

Vårens nyheter

Mand-fred 10-18
Lørd 10-16
Tlf. 56 38 86 00
Fax 56 38 85 99



RONG SENTER



- Stort utval av godbiter frå vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m/EU-kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- Moderne vaskehall
- Kaffiavtalen
- Gass



BILVERKSTED
**BLOM
SERVICESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
Godkjent bilverksted

Velkommen til oss



Catering:
- Varm Mat
- Baguetter
- Koldtallerken
- Kaker

Rong Kafe a/s

Tlf.: 56 38 74 54



Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!
Vi forhandler også solariumskrem og -briller

B·P·S Solutleige

v/Arvid Rong 5337 Rong
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258



- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

EUROSPAR 

De største butikkene i SPAR-kjeden i Norge heter EUROSPAR. I EUROSPAR satser vi sterkt på å gi kundene et godt utvalg i ferskvarer, ferdigmat og et utvidet og grundig varesortiment. I tillegg tilpasser den enkelte butikk varer fra lokale leverandører. Vi har det beste utvalget i frisk frukt og grønnsaker, og enda en viktig ting: Vi har alltid nystekte brød og bakervarer.

Fisk - og ferskvarespesialisten

Fristende frukt og grønt

Innholdsrik betjent ostedisk

Nydelige nystekte bakervarer

Velsmakende varm mat

Herlig salat - og fruktbar

SPAR Rong Senter

INNKOMNE OFFER

Blomvåg kyrkje

28. sept. Kyrkjelydsarbeidet	kr 873,00
12. okt Familie og Medier	kr. 2450,50
26.okt kyrkjelydsarbeidet	kr. 1932,50
9. nov Norsk Misjon i Øst	kr. 2625,00
23. nov kyrkjelydsarbeidet	kr. 2980,00
7. des kyrkjelydsarbeidet	kr. 1144,00
21. des kyrkjelydsarbeidet	kr. 961,00
21. des syng jula inn-kor/korps	kr 3100,00
24. des Strømmestiftelsen-SKRİK	kr. 10006,50
26. des Det Norske Misjonsselskap	kr. 2.295,50

Hjelme kyrkje

21. sept For Bibel og Bekjennelse	kr. 3396,00
5. okt kyrkjelydsarbeidet	kr. 1585,00
19. okt TV-aksjonen Blå kors	kr. 7962,50
2.nov kyrkjelydsarbeidet	kr. 1899,50
16. nov Norsk Misjon i øst	kr. 4220,00
30. nov kyrkjelydsarbeidet	kr. 1878,00
14. des Den indre Sjømannsmisjon	kr. 1744,00
21. des syng jula inn. Kor	kr. 2113,50
24. des Strømmestiftelsen – SKRIK	kr. 8790,00
25. des Det Norske Misjonsselskap	kr. 2310,00

TIL LUKKE

70 år:

02.feb Henning Ebbesen, Toft
12.feb Sigrunn Bjørg Dale, Dale
21.feb Trygve Johan Oen, Oen
23.feb Arvid Tornøe, Nautnes
13.mars Hanna Benny Turøy, Rong
19.mars Astrid Margrete Vik, Vik
22.mars Even Olav Floen, Ådnevik 14
22.mars Anders Ingvald Husebø, Alvheim

75 år:

22.feb Else Miranda Mørner, Søre Sæle
24.feb Otto Harald Lyngøy, Rong

80 år:

13.feb Marta Haugetun, Rong

27.feb Malvin Nikolai Rossnes, Rossnes

04.mars Leif Magnus Ådlandsvik, Rong
14.mars Astrid Karen Alvida Torsvik, Torsvik

85 år:

09.feb Sverre Martin Sæther, Blomvågenes
03.mars Bernhard Oliverson, Tjodnarvegen
06.mars Edith Dāvøy, Dāvøy
20.mars Oskar Rong, Rong
22.mars Marit Synneva Dale, Dale

90 år:

09.mars Alf Magnus Sæle, Søre Sæle

GUDSTENESTER

- 08.feb** Hjelme kyrkje kl.11:00 Familiogudsteneste v/ Per Fimreite. Utdeling til 2,4 og 5 åringar. Kyrkjekaffi
- 15.feb** Blomvåg kyrkje kl. 11:00 Forbøngudsteneste v/ Svenn Martinsen og Per Fimreite.
- 22.feb** Hjelme kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd
- 01.mars** Blomvåg kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/ Erling Kopperud. Nattverd.
- 08.mars** Hjelme kyrkje kl. 11:00 Familiemesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd.
- 15.mars** Blomvåg kyrkje kl. 11:00 Familiogudsteneste v/ Svenn Martinsen. Kyrkjekaffi.
- 22.mars** Hjelme kyrkje kl. 11:00 Familiogudsteneste. Avslutning for Dåpsskolen. Song av Øygarden barnekantori. Kyrkjekaffi.

Familiesamling i Hjelme kyrkje

Det vert familiesamling i Hjelme kyrkje søndag 29. mars kl. 16.30. Tema for samlinga er «Hjelp til indianarbarn i Ecuador.» Vi får besøk frå Normisjon, Familiekorset vert og med. Vi tek til med kyrkjekaffi. Alle er hjarteleg velkomne!

ELDRETREFF

Blomvåg

22. januar	16. april
19. februar	14. mai
19. mars	tur i juni

Hjelme

18. februar	
18. mars	20. mai
15. april	tur i juni

Bokhandelen som setter kristen litteratur og musikk i fokus



Bok & Media, Vestbok
Vetridsallmenningen
Tlf: 55 31 79 63
post@vestbok.no
www.vestbok.no



5334 HELLESØY
TLF: 56388008/47755570
ORG.NR.984589565
e-post:hellesoy@ngbutikk.net

ÅPNINGSTIDER :
MAND.-TORSD.. 900-1800
FRED.....900-1900
LØRD.....900-1600

Sommeråpent hele sommeren.



TORSVIK

ELEKTRISKE AS
Torsteinsvik - 5337 RONG

Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolanlegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00

Vakttelefon 922 34 062

www.torsteinsvik.no

Perspektiv på livet

Som telefonvakt hjå Kirkens SOS kan du bidra til at andre får det betre, samstundes som du får perspektiv på livet.

Vi søker kvinner og menn over 20 år som har orden på livet, tid til å bry seg og lyst til å utvikle seg. Les meir på www.kirkens-sos.no eller ring 55 32 58 45

Vi formidler blomster til innland og utland



Blomsterbua

Rong senter
Telefon: 56 38 92 65
Postboks 107, 5331 Rong

Returadresse:
ØYNYTT
Boks 144
5331 RONG

B
NORGE



Øy Nytt

P. P.

DISTRIBUERT AV POSTEN NORGE

Jula i kyrkjene våre

Tekst og foto: Trine Overå Hansen

Jula var også i år ei travel, men flott tid i kyrkjene våre. Det var mange ulike arrangement som gjekk av stabelen, og oppmøtet var særst godt. I førjulstida var det skulegudstenester, barnehagegudstenester, gudsteneste 4.søndag i advent, Syng jula inn og konsert med Rong Brass. Og i sjølv jula var det gudstenester julafta, 1. og 2. juledag. Elles var det gudsteneste både 1. og 4.januar. Dette i tillegg til alle førjulsfestar og juletreffar på bedehusa i Øygarden.

Det er noko spesielt som skjer med oss i jula. Kanskje dette er den tida på året då folk flest let blikket gå utover det daglege, då vi tek oss tid til å stoppa litt opp og undra oss over det som ligg utanfor vår fatteevne. Jesus, han som var og er Gud frå æve og til æve, gav avkall på sitt eige og let seg føda som eit lite menneskebarn. Dette er noko vi har feira i generasjon etter generasjon. Og sjølv om tidene skiftar er Gud den same, og menneska er dei same. I dagens postmodernistiske tidsklemmesamfunn er det godt å minnast om at det finst noko meir. Kanskje det er dette som gjer at kyrkjene og bedehusa stadig opplever stor tilstrøyming i denne store lyse høgtida midt i den mørkaste vinter. Også i dag treng vi ein himmel over liva våre.



Øygardskyrkjelydane på radio

«Radiopresten» er frå 3. februar eit halvtimes program på tysdagar 1000-1030 på KRS Kristen Radio Sotra FM 100,9 (Frekhaug, Meland)/104,5 (Bildøy, Fjell)/105,5 (Førdesveten, Sund) ved Radiopresten «svennm».

«Timeglasset» er frå 22. februar eit timelangt program på søndagar 1700-1800 på same stasjon ved kyrkjelydspedagog Trine Overå Hansen.

Ta kontakt på svennm@c2i.net, eller kontor@kyrkja.net om du vil gje gåver til radioarbeidet til Øygardskyrkjelydane, så skal du få oppgjeve giror.

Ta óg kontakt de ØyNyttannonsørar og andre

næringslivsfolk som kan tenkje dykk å sponse oss. Det vert gode introduksjonstilbod. Tysdagsprogrammet vil berre ha «lydplakatar» (som sponsorinnslag i sport og underhaldning, NRK TV) mens søndagsprogrammet vil ha både «lydplakatar» og regulære reklameinnslag.

KRS Kristen Radio Sotra er eit samarbeidsprosjekt mellom førebels Pe7 Kristen Riksradio, Sotra Indremisjon, Bildøy Bibelskule, ImF, NLM ved Tremorkirken, og Øygardskyrkjelydane.

Radio Sotra dekkjer ein stor del av «midten av Vestlandskysten» og når både Stor-Bergen og inn i fjordane. Sendingane tek til måndag 2. februar kl. 1000 etter siste nytt.

Førebels nettadresse: <http://www.kristenradiosotra.moo.no/>

Nettadresse: <http://www.kristenradiosotra.no/>